



Vår ref.: 2020/71-3

Dato: 16.01.2020

Varsel om oppstart av planarbeid Detaljregulering for Erslandsparken, 241/38 m.fl. PlanID 20200001

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt oppstart av ny detaljregulering for Erslandsparken, 241/38 m. fl., PlanID: 20200001.

Mindre deler av eksisterande reguleringsplan, *Detaljreguleringsplan - Trafikksikringsplan Rv. 48 Sandvoll*, planID 20060013, skal opphevast.

Reguleringsplan

Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhøyrande føresegner og planskildring som angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Ein reguleringsplan fastset framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

Forslagsstillar

Forslagsstillar for planarbeidet er Kvinnherad kommune sin prosjektavdeling.

Ternen IL er initiativtakar til tiltaket som ligg til grunn for å lage reguleringsplan for området. Ternen IL og kommunen har intensjonsavtale om privat kommunalt samarbeid for å realisere rulleskiløype og kunstgrasbane ved og rundt Skarveland skule. Før anlegget står ferdig skal det lagast ein driftsavtale om drift av anlegget.

Planområdet

Planområdet ligg ved Skarveland skule, ved Sandvoll. Planområdet er i dag delvis utbygd og inneheld skuleområde, parkering, veg, og vegetasjon.

Mindre deler av planområdet er omfatta av reguleringsplan frå 2008 og er regulert til parkering, veg, fortau og annan veggrunn.


I kommuneplanen 2018 er arealet avsett til føremåla offentleg eller privat tenesteyting, bustadar, LNRF areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbusetnad. Det er vurdert at planen ikkje fell inn under vilkåra etter forskrift om konsekvensutgreiing.

Planen sitt føremål


Hovudføremålet med planen er å utvikle området rundt skulen og leggje til rette for idrettsbane og rulleskiløype med tilhøyrande infrastruktur. Deler av planlagt rulleskiløype går inn på føremål som i kommuneplanen 2018 er avsett til bustad og LNF. Opparbeidinga av infrastruktur inkluderer tilrettelegging av VA og straum fram til bustadføremål aust og nordvest for planområdet. Parkering i eksisterande reguleringsplan (PlanID 20060013) vil verte flytta til den andre sida av innkøyrsla til Skarveland skule.

Planarbeidet er sett i gang for å sikre kommunen gode og føreseielege plandokument, som dekker naturleg tilhøyrande område, og som sikrar god samanheng med heilskapleg teknisk infrastruktur. Planarbeidet omfattar kommunale og privateigde område. Planavgrensinga er synt i vedlagte kartutsnitt.


Planområdet er 17,9 daa stort, og omfattar eigedomar med følgjande gnr./bnr.: 240/102, 240/103, 240/110, 240/111, 240/45, 241/14, 241/38, 241/46, 241/47 og 241/54




Figur 1: Oversiktskart over Erslandsparken.



Figur 2: Plangrensa til Erslandsparken.



Figur 3: Plangrensa vist over kommuneplanen 2018.



Figur 4: Plangrensa vist med eksisterende reguleringsplan.

Kommunen inviterer til samarbeid og medverknad i den komande planprosessen, og det vert arrangert møte med grunneigarar og naboar.

Innspel eller merknader som gjeld planen sine løysingar eller som gjeld særskilde behov kan sendast skriftleg eller elektronisk til:

Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal
eller e-post: post@kvinnherad.kommune.no

Merknadsfrist

Frist for merknader er sett til **14. februar 2020**.

Vidare saksgang

Som grunneigar/verksemd innanfor planområdet, ønskjer kommunen innspel til arbeidet. No i startsfasen av arbeidet er det ønskeleg at de kjem med innspel om ønska arealbruk, eller forhold som de meiner er viktig å ta omsyn til.

Etter at fristen for å koma med innspel til planarbeidet er gått ut, vil Kvinnherad kommune utarbeide eit planforslag som inneheld plankart, føresegner og planomtale med ROS-analyse. Vidare vil ferdig planforslag bli politisk behandla, og planframlegget sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil også då verta høve til å koma med merknadar til planframlegget, før ny politisk behandling og endeleg vedtak.